



Holsbergstien velforening v/ Bjørn Kvalheim
Holsbergstien 30
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2389 - 15/16939

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
22.09.2015

Holsbergstien - Orientering til Holsbergstien velforening - Oppføring av gatelys

Kommuneadministrasjonen viser til epost på Holsbergstien velforening v/Bjørn Kvalheim journalført 23.9.15.

Meland kommune ser positivt på at velforeninga tek initiativ til å få på plass gatelys. Bruk av fondsmidlar til dette formål er etter amdinstrasjonen sin vurdering i samsvar med intensjonen bak ordninga, planføresegnene for området og vedtaket om dispensasjon frå rekkefølgekrava i reguleringsplanen for Holmemarka dagsett 19.11.2008. Vedtaket vart stadfesta av Fylkesmannen i Hordaland ved avgjerd av 14.8.2009.

Administrasjonen har utarbeidd eit orienteringskriv til alle bustadeiningane omfatta av fondsordninga som vart etablert i 2008, sjå vedlegg. Her er det gitt frist til 10.10.2015 for å kome med merknader til forslaget om å bruke av midlane til å etablere veglys. Under føresetnad av at det ikkje kjem inn tungtvegande grunner for å ikkje nytte midlar til eit slikt føremål, vil kommunen sjå til at fondet dekkjer utgiftane.

Til orientering vert det opplyst at nokre av bustadeigedomane som er omfatta av fondsordninga som vart etablert i 2008 ikkje har innbetalt midlar til fondet etter føresetnadene. Kommunen sitt standpunkt er at desse eigedomane har plikt til å betale, og at kommunen som bygningsstyresmakt ikkje har høve til å gi ferdigattest for eigedomanene før betaling er registrert. Kommunen kjem ikkje til å sette i gong nokon rettsleg pågang mot desse eigedomane for å sikre kravet, då dette ligg utanfor kommunen sin rolle i saka som forvaltar av innbetalte fondsmidlar i samsvar med reguleringsplanen.

Administrasjonen vurderer at bruk av fondsmidlane er ikkje omfatta av regelverket knytt til *Lov om offentlige anskaffelser*, då det ikkje er kommunen som er oppdragsgjevar ved etablering av veglys.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Holsbergstien - Felles orienteringskriv om gatelys

Mottakere:

Holsbergstien velforening v/ Bjørn Holsbergstien 30 5918
Kvalheim

FREKHAUG